

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Park Hotell Vossevangen, Voss  
**Dato:** 06.12.2021  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

---

Nils Kvamme er invitert til å delta på møtet for å presentera rapporten om evaluering av skjøtselsarbeid på stølane.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post [fmsfano@statsforvalteren.no](mailto:fmsfano@statsforvalteren.no). Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 20/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 21/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 22/21	Orienteringar og referatsaker <ul style="list-style-type: none"><li>- Evalueringsrapport skjøtselsarbeid på stølane – prioriteringsliste for skjøtselsarbeidet</li><li>- Søknad om naust ved Solrenningsvatnet</li><li>- Årsrapport frå SNO om arbeidet i 2021</li><li>- Rapport gjennomførte tiltak 2021</li></ul>		
RS 5/21	Uttale - Stølsheimen verneområdestyre - vilkårsrevisjon - Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget		2021/15133
RS 6/21	Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi		2021/15883
ST 23/21	Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og ynskje om SNO-ressursar 2022		2021/16497
ST 24/21	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2022		2021/16553

**ST 20/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 21/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 22/21 Orienteringar og referatsaker**



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129

fmvlpst@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/15133-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 29.10.2021

## Uttale - Stølsheimen verneområdestyre - vilkårsrevisjon - Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget

Viser til høyringsbrev frå NVE om vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedals- og Teigdalsvassdraget, og revisjonsdokument frå BKK.

Stølsheimen verneområdestyre har forvaltningsansvar for Stølsheimen landskapsvernområde, og gjev uttale om forhold som påverkar verneverdiane i landskapsvernområdet.

Innan for Stølsheimen landskapsvernområde er landskapet kring Vassøyane og Torvedalstjørni påverka av vassdragsreguleringa.

Elva som renn ut frå Torvedalstjørni har lite vatn store deler av året. Det bør setjast krav om minstevassføring for denne elva slik at verknaden på landskapet og levevilkåra for fisken i vassdraget vert betra, minstevassføringa bør setjast til minimum 5-percentil heile året.

Etter vatnet i Vassøyane vart regulert opp til ny fast vasstand, vart stien mellom Raudbergvatnet og Vassøyane demt ned. Stien er lagt om, og går langs Raudbergvatnet i ei bratt steinur. På dette partiet av stien bør det vurderast tiltak for å gjera ferdsel på stien sikrere i sommarhalvåret. Fysiske tiltak i terrenget er søknadspliktig etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

Større vedlikehaldsarbeid på damanlegga i Torvedalstjørni og Vassøyane som krev endring av normal vasstand, kan få verknad på landskapet. Alle tiltak som kan få verknad på landskapet er søknadspliktige tiltak etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Dersom arbeid på damanlegga medfører nedtapping av vatna, vil det ligge utanfor det som vert rekna som vedlikehald i verneforskrifta. Det må difor setjast vilkår om søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde før slike tiltak kan iverksetjast.

Stølsheimen utgjer ein vesentleg del av Fjellheimen villreinområde. Anleggsveggar og kraftutbygging har hatt negative konsekvensar for villreinen sin bruk av dette fjellområdet. Anleggsvegane er utanfor landskapsvernområdet, men ferdselen på vegane påverkar villreinen sin bruk av heile området. Både ferdsel på vegane og brøytekantar påverkar villreinen sitt trekk mellom ulike funksjonsområde. For å dempe ulempene for villreinen, bør ikkje anleggsvegane brøytest på vinteren eller vår/tidleg sommar.



**Stolsheimen  
verneområdestyre**

---

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129

fmvlpst@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Visit Sognefjord

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/15883-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 12.11.2021

## Uttale - Masterplan for reiseliv Sogn - reiselivsstrategi

Vi viser til e-post av 21.10.21 om Høyring Masterplan for reiseliv i Sogn. Nasjonalpark- og verneområdestyra som forvaltar verna areal i Sogn har kommentarar til planen. Vi tek atterhald om ev endringar ved vedtak frå nasjonalpark-/verneområdestyra.

Kapittel 1 og 2 i masterplanen vedkjem verneområda generelt, og ikkje kvart område spesifikt. Forvaltarane i verneområda i Sogn har difor valt å kome med ein felles uttale til masterplanen. Vi meiner det er svært positivt at Visit Sognefjord utviklar eit eige styringsdokument for å utvikle reisemålet, og ser det også som naudsynt at det blir etablert eit forpliktande partnerskap for å realisera planen.

Innleiingsvis i dokumentet, kap. 1.2, er det t.d. framheva at "*Masterplanen for reisemålet Sogn er det overordna styringsdokumentet for arbeidet med å utvikle reisemålet.*" Dvs. at dette dokumentet også kan ha stor betydning for forvaltning av naturperlene som verneområda er.

Det er samstundes sagt at "*Planen legg m.a. FN sine berekraftsmål til grunn.. og Bærekraftig reiseliv tek vare på natur- og kulturverdiane våre, styrkar dei sosiale verdiane og får fram stoltheita i lokalsamfunna våre, utviklar nye arbeidsplassar og sikrar ei verdiskaping som gjer reiselivsnæringa økonomisk levedyktig.*" Vi meiner at det må konkretiserast og tydeleggjerast i dokumentet korleis ein legg berekraftsmåla til grunn. Korleis tenkjer ein t.d. å ta omsyn til trua og sårbare naturverdiar? Vi meiner at dette m.a. kan gjerast gjennom dialog og avklaring med nasjonalpark-/verneområdestyra og at ein på denne måten får skjerma nettopp slike område frå promotering heile eller delar av året. Omsyn til trua og sårbare naturverdiar i verneområde er særskilt vektlagt i besøksstrategiane for verneområda, og kan vera ein kunnskapsbase for reiselivet i desse områda.

Kap. 1.3 handlar om Visjon og Misjon: "*Heile Sogn. Heilt ekte. Heile året.*" - "*Syte for at alle delar av Sogn vert utvikla på stadene sine egne premiss, ...*" - "*Utvikle produkt og tenester som gjev jamn besøksmengd tilpassa stadane si tåleevne heile året, og som gjev dei besøkande gode kvalitetsopplevingar tilpassa årstidene*"

Vi vil understreke at det innanfor verneområda er delområde (m.a. i såkalla vernesone) som ikkje tåler så mykje besøk. Her må det takast særskilde omsyn i sårbare årstider, som t.d. kalvings- og hekkeområde på ettervinteren og våren. Hurrungane i Jotunheimen nasjonalpark er eksempel på eit slikt område der det må takast særlege omsyn om våren. Det er t.d. ikkje ynskje om å promotere dette området for toppturar på ski om våren i april/mai like før reinen trekker til kalvingsområdet.



I kap. 1.5 er det framheva at reiselivsnæringa m.a. skal utviklast på naturen sine premiss. Vi ser dette som svært positivt, men igjen meiner vi det må presiserast korleis ein tek omsyn til naturen. Dette må konkretiserast i tiltaksplanen.

Kap. 1.6 handlar om kva me skal oppnå - overordna mål. Her står m.a. følgjande: BESØKSFORVALTNING - *"Det er etablert definerte tålegrensar for besøk og system for besøksforvaltning og trafikkstyring for heile regionen."* Det er svært viktig at dette blir vurdert opp mot besøksstrategiane for verneområda.

Kap. 1.7 Vegen til målet - prioriterte strategiar: *"For å nå dei overordna måla må det etablerast forpliktande partnerskap mellom dei ulike aktørane som til saman utgjer reisemålet Sogn."* Masterplanen peikar på tre prioriterte strategiar, som på kvart sitt vis bidreg til å nå måla. Vi vil kommentere den fyrste; å utvikle fellesressursane. Her er både natur, kultur og infrastruktur nemnt.

For delmålet A: Natur, bør det føyast til at dette må skje i tråd med forvaltningsplanar og besøksstrategiar for verneområda. Vi føreslår å endre formuleringa til: *"Ta vare på sårbar natur, og jobbe systematisk med styrt tilrettelegging gjennom kommunale planar, og i tråd med forvaltningsplan og besøksstrategi for verneområda i Jotunheimen og Utladalen, Nærøyfjordområdet, Stølsheimen, Breheimen og Jostedalsbreen..."*. Det same gjeld i høve punkt B: Kultur.

I følgje punkt C er det eit mål å "Utvikle infrastruktur som aukar opplevingsverdien, tek vare på lokalsamfunna og **naturen** og som gjev inntekter som kan reinvestrast i meir infrastruktur. Vi merkar oss at utviklinga av infrastruktur skal skje ved å ta vare på naturen, men det må gå fram korleis ein vil sikre at det skjer.

Vi gjer merksam på at innanfor verneområda må det søkjast om særskilt løyve frå nasjonalparkstyra for evt. etablering av infrastruktur.

Innleiingsvis i Del 2 bør det presiserast kven forvaltningsorganisasjonane er (FV). Er det nasjonalpark- og verneområdeforvaltninga? I så fall bør det gå fram kva område som konkret er omfatta. Med tanke på at mindre verneområde som naturreservat også kan bli omfatta av planen, bør også Statsforvaltaren i Vestland inkluderast i partnerskapet.

Kap. 2.1.1 Delstrategi - Utvikle og forvalte naturen.

- Under overordna mål i dette kapittelet bør det føyast til at det skal skje gjennom partnerskapsarbeidet.
- Tilføyning til effektmål: trafikkstyring med særleg vekt på å unngå ferdsel i sårbare naturområde med vekt på naturtypar og artar.

Kap. 2.3.1 Delstrategi – forvalte statusen som berekraftig reisemål.

- Tilføyning: Naturopplevingar bør utviklast med bakgrunn i kompetansen om tåleevna for natur, kultur og lokalsamfunn.

Kap 2.3.3 Delstrategi – Kompetanse

- Tilføyning: Auka kunnskap om natur- og kultur i reiselivsnæringa. Reiselivet er med å påverkar bruken av naturen, og har difor ei rolle i naturforvaltninga.



#### Kap 2.3.4 Delstrategi – Organisering, samarbeid og påverknad

- Tilføyning: Samarbeid for å utvikla naturopplevingar som gjev små avtrykk i naturen

Vi støttar elles at det bør lagast lokale strategiske tiltaksplanar for reiselivet per stad med bakgrunn i m.a. lokale utfordringar og moglegheiter.

Avslutningsvis takkar vi for å bli involvert i arbeidet med masterplanen. Vi ser at det er svært positivt med tanke på forvaltinga av verneområda i Sogn, og vi vil også svært gjerne bli involvert i arbeidet med dei konkrete tiltaksplanane, då det er på det nivået vi antek å sjå i kva grad planen konkret vil påverka kvart einiskilde verneområde.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
Nærøyfjorden verneområdestyre og Stølsheimen verneområdestyre

Eldrid Nedrelo  
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Marthe Gjerde  
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Trygve Snøtun  
Breheimen nasjonalparkstyre

*Dokumentet er elektronisk godkjent*





Arkivsaksnr: 2021/16497-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 19.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	23/21	06.12.2021

## Stølsheimen verneområdestyre - tiltaksplan og ynskje om SNO-ressursar 2022

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vedtek tiltaksplan og bestilling av SNO-ressursar for 2022. Forvaltar kan i samråd med styreleiar justera budsjettet før det blir sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2022.

## Tiltaksplan for Stølsheimen 2022

Kort omtale av tiltak	Budsjett	Kven gjennomfører tiltaket?	Prioritering
<b>Framande tresalg</b>			
Planlegging - skjøtselshogst gran Finna fjorden	10 000	Forvaltar	
Finnen - rydde hogstområde frå tidlegare granrydding, Tåene	20 000	Grunneigar	
<b>Skjøtsel av kulturlandskap</b>			
Prosjektleiing	10 000	Prosjektleiar	
Sylvarnesdalen - rydde sprake, slått selbøen	10 000	Grunneigar	
Smørklepp og Fidnaselbøen - vedlikehaldsskjøtsel	5 000	Prosjektleiar	
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog, fjerna tistel	10 000	Prosjektleiar	
Rotteskardet - rydde oppslag av krattskog og sølvbuketuer	5 000	Prosjektleiar	
Fossesete - slått bregner, rydde oppslag av lauv	5 000	Prosjektleiar	



Rosete – tistel-hakking	5 000	Prosjektleder	
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtelsesplan, Botnastølen, Flåten, Granden, skog rundt tunet	30 000	Prosjektleder	
Hest - rydde sprake	10 000	Prosjektleder	
Ytstestølen	10 000	Prosjektleder	
Solrenningane - tueslått	30 000	Prosjektleder	
Fagerdalen –tak på murane	10 000	Prosjektleder	
Finden, rydde beite ved Vetlestraumen	10 000	Grunneigar	
<b>Skjøtsel av stølsvegar og stiar</b>			
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000	Forvaltar/prosjektleder	
Sti til Åsehidleren	5 000	Prosjektleder	
Sti Finnabotnen - Fagerdalen	20 000	Prosjektleder	
<b>Tilretteleggingstiltak</b>			
Bru til Granden	50 000	Grunneigar/forvaltar	
Kai i Finnabotnen		Grunneigar	
<b>Informasjonstiltak</b>			
Planlegging og infrastruktur innfallsport Modalen og Voss	100 000	Forvaltar/kommunen	
Design temaskilt 2000 x 5 = 10 000 + kart 5000 x 4 = 20 000	30 000	Forvaltar/leverandør	
Innkjøp skilt (2 små, 2 treskilt, 4 ekstra skiltplater)	42 000	Forvaltar/leverandør	
Montering av skilt (Høyanger, Vik, Voss og Modalen) ca 20 000 pr. skilt – 15 stk	300 000	Forvaltar/leverandør	
SUM	757 000		

<b>Bestilling av SNO-ressursar 2022</b>	<b>Dagsverk</b>
Oppsyn dispensasjonssaker	3
Oppsyn motorferdsel vinter - Vikafjellet	3
Kontroll, byte av verneskilt	2
Tilsyn skjøtelsarbeid i kulturlandskapet	1
Kontroll etter hogst Fossesete	1
Delta på møte med verneområdestyre og RU	3
Oppsett av temaskilt	3
<b>Sum</b>	<b>16</b>



## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midlar til tiltak i verneområder og SNO-ressursen i verneområdet – 2022.  
*Miljødirektoratet 16.11.2021*
- Strategi for bruk av tiltaksmidlar 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2020

I stasbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde. Det overordna målet for bruk av tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde og betra. I strategien for 2020-2025 vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtypar i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. Dei største negative påverknadsfaktorane på verneområde på nasjonalt nivå er attgroing, framande artar, forstyrringar av dyrelivet, tekniske inngrep og slitasje på vegetasjon. Tiltaksmidlar som er med å motverka negative påverknadsfaktorar vert prioritert.

Tiltaksmidlane kan nyttast til naudsynte tiltak for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlar kan også brukast til delfinansiering av større tilretteleggingstiltak som informasjonspunkt, toalettbygg og parkeringsplassar i tilknytning til verneområde.

Alle innmeldte tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings- eller skjøtselsplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokument. Alle informasjonstiltak skal vere i samsvar med ny merkevare for Noregs nasjonalparker.

Midlane skal nyttast til tiltak i forvaltningsmynde sin eigen regi, ev til kjøp av tenester for gjennomføring av tiltaka. Midlane kan ikkje nyttast som tilskot til andre aktørar. Drift og vedlikehald av infrastruktur (vegar, toalett, parkeringsplassar og liknande) utanfor verneområda vert ikkje finansiert over tiltaksmidlane.

Tiltaksmidlar blir vanlegvis ikkje prioritert til ivaretaking av kulturminne. Vedlikehald av bygningar blir ikkje støtta, men steingjerde, gravrøyser og fangstsystem kan vurderast samfinansiert med kulturminnemyndigheita.

Miljødirektoratet har sett opp fylgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. *Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene*
2. *Løpende skjøtselstiltak*
3. *Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging*
4. *Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk*
5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*



#### 6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde, besøksstrategi og tilhøyrande skjøtselsplanar. Rådgjevande utval (RU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidinga av tiltaksplanen. Tiltaka i planen er lagt fram med bakgrunn i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde rapport nr. 1 - 2017, besøksstrategien og vurderinga av pågåande tiltak og nye tiltak.

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding av tiltak og bestilling av SNO-ressursar til Miljødirektoratet er 10. januar 2022.

### Vurdering

Forvaltar legg fram i møte forslag til tiltak i 2022 med bakgrunn i tiltaksplan for 2021 til 2023. Tiltaksplan vert lagt fram på bakgrunn av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og besøksstrategien for Stølsheimen. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringssmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2021, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioritera tiltaka, i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

### Skjøtselstiltak for å ivareta verneverdiane

Trusselfaktorar for verneverdiane i Stølsheimen landskapsvernområde er i hovudsak attgroing av kulturlandskapet, og spreiding av framande artar. For å redusera negative påverknadsfaktorar som attgroing og spreiding av framande artar, bør det prioriterast skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2. Det er sett i gang restaurering og skjøtsel av fleire stolar i Stølsheimen, og av kulturlandskapet i Finnabotnen. Dette arbeidet bør prioriterast vidare. I 2020 vart det inngått ein 4-årig tenestekjøpsavtale for skjøtelsarbeid i verneområdet.

Gardane på sørsida av Sognefjorden har stølane sine i fjellet i Stølsheimen. Dette er svært lange buføreveggar som viser kor viktig fjellområda var for gardane ved Sognefjorden. Buføreveggen frå Ålrek til Hanekamdalen er ein av desse stiane, og på stien er det fleire oppmura parti. Desse murane er i ferd med å rasa saman på nokre punkt. Buførevegane er ein viktig del av kulturminna i Stølsheimen landskapsvernområde, og det har difor stor verdi å setja i stand murane på stien. Denne stien har stått på tiltaksplanen i to år no utan at tiltaka er gjennomført, og forvaltar meiner det er bruk for ein ny kartlegging og planlegging av tiltaket for å få god prosjektering av tiltaket.

### Framande artar

I 2020 vart det gjennomført ein vurdering av hogst i Arnafjorden og Finnafjoden. Det vart konkludert med at det bør lysast ut ein anbodskonkurranse for hogst av granfelt i



Finnafjorden. I tiltaksplanen er det tatt med kostnader til transport til synfaringa i samband med anbodskonkurransen.

### **Informasjonstiltak**

Besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde vart godkjent i 2020. Framlegg til tiltak i 2022 er i samsvar med tiltaka i strategien og kommunikasjonsplanen.

I 2021 har det vore arbeid med å utvikle og sette opp informasjonsskilt i Vik og Høyanger kommune. Vi kom ikkje like langt på ferdigstilling og montering av skilta som vi hadde planar om, så mykje av dette arbeidet er utsett til våren 2022. I 2022 vil forvaltarane arbeide vidare med informasjonsskilt i Vik og Høyanger, og starta på skiltarbeid i kommunane Modalen og Voss. Det er planlagt designa 5-6 nye skilt, og oppsett av totalt 15 skilt. Nokre stadar vil det vere behov eller ynskje om midlar til design og planlegging av informasjonspunkt, eller til delfinansiering av infrastruktur som parkeringsplassar og liknande, og det er derfor sett av ein pott på 100 000 til slike tiltak.

### **Kartlegging og overvaking**

Siste åra er det registrert ein auka aktivitet med snøskuter i grenseområda til Stølsheimen. Det bør gjennomførast meir kontroll med motorisert ferdsel i sentrale deler av Stølsheimen der det er lett tilkomst med snøskuter på vinteren.

Det må gjennomførast kontroll av dispensasjonar som er gjeve av verneområdestyret til bygg og andre anlegg i verneområdet. Det vert bestilt SNO-ressursar til kontroll av dispensasjonar som er gjeldande, og ev nye dispensasjonar i 2022.



Arkivsaksnr: 2021/16553-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 19.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	24/21	06.12.2021

## Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2022

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2022 for å handsame saker i verneområdestyre og fylgje opp tiltak i forvaltningsplan og besøksstrategien.

Styret kan ta sikte på følgjande årshjul:

Januar/februar:	Møte med fordeling av tiltaksmidlar
Mars:	Styremøte
27.- 28.april:	Nasjonalparkkonferanse
Juni:	Styremøte
Aug. /September	Styremøte med overnatting/synfaring. Felles med rådgjevande utval
Nov./Desember:	Styremøte/bestillingsmøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlyst/utsettast. Styret vedtek driftsbudsjettet for 2022. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 10. januar 2022.

Driftsutgifter for styret	
Møtegodtgjering	86 199
Reiseutgifter	24 000
Møteutgifter inkl. dialogmøte med RU	65 000
Drift av nettside - besøksforvaltning	5 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>180 199</b>
Utgifter i samband med planarbeid	
Oppstart skjøtselsplan for Finnabotnen og Finnen.	30 000
Nye tiltak jf. prioriteringslista for skjøtsel av stølar.	?



---

<b>Sum planarbeid</b>	
<b>Berekna kostnader</b>	

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer – innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av SNO-ressurser – 2022, *Miljødirektoratet* 16.11.2021

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). I 2021 har verneområdestyret hatt 4 møte. 2 av desse møta er gjennomført som digitale møte, 1 som fysisk møte med rådgjevande utval, og eit 2-dagars møte med synfaring til Åsedalen.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 16.11.2021 vert det informert om at verneområdestyre kan melde inn behov for midlar til drift av verneområdestyre. Det vil truleg verta invitert til nasjonalparkkonferansen i 2022 i Trondheim. Det vert vidare sagt at dersom det er midlar innanfor rammene, kan det gjevast midlar til naudsynt kartlegging som grunnlag for utarbeiding av skjøtselsplanarar, forvaltningsplanar og besøksstrategiar.

Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 10. januar 2022.

## Vurdering

For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I 2021 vart det gjennomført dialogmøte og synfaring med rådgjevande utval i Vik. Planen for 2022 er tur til Finnabotnen eller Torvedalen. Hovudtema vil vera skjøtselsarbeid og besøksforvaltning.

To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i mars og i november/ desember. I mars er det prioritering av tiltak, og i november/desember er det planlegging av tiltak for neste år.

Miljødirektoratet løyvde kr 170 000,- til drift av Stølsheimen verneområdestyre for 2021, kr. 50 000 til prosjektet med evaluering av skjøtselsarbeid på stølane, og kr. 60 000 til nettsida til Stølsheimen. Forvaltar tilrår om lag same budsjettramme for drifta av styre i 2022 som for 2021, men med ein auke for deltaking på nasjonalparkkonferansen.

Det er gjennomført kartlegging av naturtypar (NiN-kartlegging) i Finnafjorden i 2021. NiN-kartlegginga er viktig kunnskapsgrunnlag for skjøtselsplanar og evaluering av gjennomført skjøtselsarbeid. I Finnabotnen er det trong for revidering av skjøtselsplan, og i Finnen er det trong for skjøtselsplan. Kunnskap om naturtypane har stor verdi for å forvalta område og



prioritera kvar det er viktig å bruke ressursar på skjøtsel, og styret bør planlegge oppstart av skjøtelsplanar når resultatet av kartlegginga føreligg i 2022.

Kulturlandskapet med stølane er ein viktig del av verneføremålet i Stølsheimen landskapsvernområde. I 2011 vart det utarbeid ein oversikt over alle stølane i verneområdet, og framlegg til tiltak på den enkelte stølen. På bakgrunn av denne rapporten vart det sett opp ei prioriteringsliste for skjøtsel av stølane. Verneområdestyret søkte og fekk planleggingsmidlar til ny kartlegging og vurdering av naturtilstanden på utvalde stølar i Stølsheimen. Rapporten vil vera klar i slutten av 2021. Forvaltar tilrår at det vert søkt om midlar til oppfølging av tilrådde tiltak i rapporten som kjem. Eit av tiltaka kan vera bevaringsmål på nokre av stølane.